



Innkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 09.02.2016
Møtestad: Konferanserommet Mo
Møtetid: 09:00 - 15:00

DETALJPROGRAM FOR OPPLÆRINGA VIL VERTE DELT UT I MØTE

Rettleiar er Trude Brosvik, tidlegare ordførar i Gulen.

Begge dagar starta vi kl. 09.00 - slutt kl 15.00
Lunsj kl 12.00

Alle må ta med seg eigen PC for pålogging av politikarportal og boka "Tillit", som vart delt ut i konstituerande møte.

Husk å ta med kodebrikke for pålogging av MinID

Det vil også verte sett av tid til drøfting av deltaking i forhandlingar Kommunestruktur - Nordhordland, ref. utsendt eigen e-post frå ordførar.

Eventuelle forfall må meldast til Kundetorget og til ordførar på tlf 56 59 90 00 eller e-post:
postmottak@modalen.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Orienteringssaker

3. februar 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/42

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2016	Kommunestyret	PS	09.02.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/42

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2016	Kommunestyret	PS	09.02.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 10.12.2015



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 10.12.2015
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 12:15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Knut Moe	SA	Medlem	Meldt forfall
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Kristin ugild sak 056/15, vara ikkje innkalla
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Varamedlem	Vara for Knut Moe

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
050/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
051/2015	Godkjenning av møtebok
052/2015	Referatsaker
053/2015	Orienteringssaker
054/2015	Budsjett og økonomiplan 2016 - 2019
055/2015	Betaling for kommunale tenester 2016
056/2015	Modalen næringsbygg, Søknad om tilskot til rehabilitering
057/2015	Justering investeringsbudsjett 2015
058/2015	Søknad om stønad til oppstart av innandørs skytebane

Notat frå møtet:

Det vart avtalt at alle møter i kommunestyre og formannskap normalt skal ta til kl 09.00

Framlegg til møteplan vart slik godkjend:

Møteplan for våren 2016

Formannskapet Tirsdag 19. januar 09.00

Opplæring folkevalde

Tirsdag 09. februar og Onsdag 10. februar 09.00 – 15.00

Formannskapet Tirsdag 23. februar 09.00

Kommunestyret Torsdag 10. mars 09.00

Formannskapet Tirsdag 05. april 09.00

Kommunestyret Torsdag 21. april 09.00

Formannskapet Tirsdag 03. mai 09.00

Formannskapet Tirsdag 31. mai 09.00

Kommunestyret Torsdag 16. juni 09.00

Det kan verte aktuelt med møte i formannskap og kommunestyre utover det som her er sett opp.

050/2015: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Det var sendt ut to tilleggsaker (057 og 058) dagen før møtet. Det vart påpeika at dette var svært seint, men det vart godkjend å handsama dei i møtet.

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

051/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

052/2015: Referatsaker

Behandling:

Ordførar orienterte kort om utsendte referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

053/2015: Orienteringssaker

Behandling:

I møtet vart det gjeve orientering om desse sakene:

Kommunereforma - møter forhandlingsutval

Protokoll frå møte i forhandlingsutvalet den 5.11. var sendt ut saman med innkallinga.

Det har vore eit møte til i forhandlingsutvalet den 7.12.

Ordførar orienterte om drøftingar som har vore i desse møta og om status i prosessar for dei andre nordhordlandskommunane. Gjennom fellesprosjektet vil det verte greia ut økonomiske konsekvensar ved varsla endingar i inntektsystemet. Det kan verte aktuelt med eit felles Nordhordlandsting i slutten av januar (der alle formannskap deltek), der nytt inntektsystem er tema. Fylkesmannen har oppmoda kommunane å vurdere fellesprosjektet nærmare når alternativa for kommunane i sør (Lindås, Meland og Radøy) og nord (Masfjorden, Gulen og Solund) er avklara i februar.

Ordførar vil ta initiativ til vidare drøfting lokalt når nye opplysningar om økonomi er kome.

Konsesjonskraft

Oversyn over samla konsesjonskraftvolum til Modalen kommune sendt ut saman med innkallinga.

Rådmannen orienterte om bakgrunn for oppdatering av oversynet og pågåande drøftingar med BKK Produksjon AS om uttaksavtale for konsesjonskrafta.

Oppstart av ungdomsråd

Kristin Nåmdal er engasjert til oppstart og oppfølging av det nye ungdomsrådet. Ho orienterte om at rådet er no skipa og at dei vil gjennomføre ulike aktivitetar framover og dei vil kome med innspel til politiske drøftingar.

Kalkingsanlegg i Modalselva

Rådmannen orienterte om at kalkingsanlegget no er sett i prøvedrift og at det skal setjast i ordinær drift frå 1. mars 2016.

Mobilsender ved Hugnastad

Rådmannen orienterte om Telenor sette den nye mobilsendaren ved Hugnastad i drift den 9.12. Barnehagen og området kring Nedre Helland har no fått god mobildekning. Samarbeidsprosjektet med Telenor vert no avslutta og kommunen vil betale ut løyvt anleggsbidrag til prosjektet.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

054/2015: Budsjett og økonomiplan 2016 - 2019

Behandling:

Rådmannen orienterte om overordna føresetnadane for budsjett og økonomiplanen.

Ordførar gjekk gjennom utsendte vedlegg: talbudsjett og formannskapet sitt framlegg til Budsjett/økonomiplan.

Ordførar gjekk også gjennom oversyn over framlegga til småinvesteringar og investeringar. Rådmannen svarte på spørsmål til saka.

Ei vidare oppfølging av nytt kommuneshus/servicebygg vart drøfta. Ordførar får ansvar for å følgje opp dette ved å involvere heile kommunestyret i drøfting av den vidare prosess.

Framlegg til endringar - investeringar (budsjettskjema 2B):

Kristin Nåmdal (Samlingslista) sette fram slik forslag til endring:

Avsetning til tomtefelt Mo og Øvre Helland vert i 2017 redusert med kr 200.000 og midlane vert sett av til møblar fellesareal ved Modalstunet i 2017.

Linda Neset (Solrenningslista) sette fram slik forslag til endring:

Det vert avsett kr 900.000 i økonomiplanen for 2017 til prosjekt bygging av ny innandørs skytebane i Modalen.

Nina Eidsnes (Samlingslista) sette fram slik forslag til endring:

Kostnaden til tiltaket nytt ventilasjonsanlegg (bustader Mo) vert fordelt over 2 år - kr 150.000 i 2016 og kr 150.000 i 2017. Kr 150.000 vert overført til posten oppgradering kommunale uteområde på Mo og Øvre Helland.

Røystingar:

Det vart først røysta over endringsframlegga frå Kristin Nåmdal og Linda Neset.

Framlegg frå Kristin Nåmdal (Samlingslista):

Avsetning til tomtefelt Mo og Øvre Helland vert i 2017 redusert med kr 200.000 og midlane vert sett av til møblar fellesareal ved Modalstunet i 2017.

Samrøyste vedteke

Framlegg frå Linda Neset (Solrenningslista):

Det vert avsett kr 900.000 i økonomiplanen for 2017 til prosjekt bygging av ny innandørs skytebane i Modalen

Samrøyste vedteke

Det vart deretter røysta over framlegget frå Nina Bolstad Eidsnes som vart sett opp mot formannskapet si tilråding

Framlegg frå Nina Bolstad Eidsnes (Samlingslista):

Kostnaden til tiltaket nytt ventilasjonsanlegg (bustader Mo) vert fordelt over 2 år - kr 150.000 i 2016 og kr 150.000 i 2017. Kr 150.000 vert overført til posten oppgradering kommunale uteområde på Mo og Øvre Helland.

Vart vedteke me 8 røyster

(Kristin Nåmdal, Kjetil Eikefet, Nina Bolstad Eidsnes, Svanhild Moberg Nordaas, Roger Wilhelm Fure,

Sigmund Ingvald Vikane, Robert Helland og Liv Anne Aanesen)
5 røyster for formannskapet si tilråding som dermed fall.

Det vart deretter røysta over samla budsjett og økonomiplan.

Samrøyste vedteke med endringar som vedteke i møtet.

Vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019 vert vedteke med desse endringar i høve formannskapet sitt framlegg til investeringar:
Avsetning til tomtefelt Mo og Øvre Helland vert i 2017 redusert med kr 200.000 og midlane vert sett av til møblar fellesareal ved Modalstunet i 2017.
Det vert avsett kr 900.000 i økonomiplanen for 2017 til prosjekt bygging av ny innandørs skytebane i Modalen.
Kostnaden til tiltaket nytt ventilasjonsanlegg (bustader Mo) vert fordelt over 2 år - kr 150.000 i 2016 og kr 150.000 i 2017. Kr 150.000 vert overført til posten oppgradering kommunale uteområde på Mo og Øvre Helland.
2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2016
3. Eigedomsskatt 2016
 - a. For eigedomsskatteåret 2016 vert det skrivne ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2016 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2016. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

055/2015: Betaling for kommunale tenester 2016

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:

Satsar for kommunale tenester vert vedteke slik som skissert i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2016».

056/2015: Modalen næringsbygg, Søknad om tilskot til rehabilitering

Behandling:

Habilitet:

Modalen Næringsbygg AS er ikkje eit heileigd kommunalt selskap. Sambuar til Kristin Nåmdal er styreleiar i selskapet og ho sa seg ugild i saka slik ho vart vurdert ved drøfting av denne saka i formannskapsmøte den 17.11.

Komunestyre erklærte Kristin Nåmdal ugild, Fvl

Det var ikkje kalla inn vara for Kristin Nåmdal og det var derfor 12 medlemmer til stades under handsaminga.

Ordførar orienterte om søknaden og drøftingar med BKK vedkomande deira deleigarskap.

Etter orienteringa vart det halde eit gruppemøte etter ønskje frå Linda Neset, Solrenningslista.

Røysting:

Rådmannen hadde laga to alternativ til vedtak.

Ordførar føreslo at det vart røyst over alternativ 1 først.

Alternativ 1 vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Det vert gjeve eit tilskot til MNB på kr 1 600 000 og eit lån på kr 1 700 000, -. Lånet skal betalast attende i løpet 20 år. Lån og avdrag med dagens rente (2% ?) utgjere ca kr 118 000 første året og trappa ned til kr 86 000 etter 20 år. Lånerenta vil truleg endre seg over tid. Rentefordelen over dei tre første åra vil med ein rentedifferanse på 2,5% bank/ næringsfond utgjere ca 120 000,- Samla bagatellmessig stønad ved dette alternativet over ein 3 års periode vil utgjere 1 720 000,- Prosjektet vil med dette alternativet vera fullfinansiert. Lån frå Næringsfondet vil måtte vike prioritet for banklån.

Vilkår:

Utbetaling av lån over 50.000,- skal sikrast med pant eller garantiar.

Lånerenta er den til ein kvar tid gjeldande rente i Næringsfondet.

Lånet skal attendebetalst med like store halvårlege avdrag i 20 år.

Lån og tilskot kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Tilsegna står ved lag i eitt år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Dekning: Næringsfondet

057/2015: Justering investeringsbudsjett 2015

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saka

Samrøystes

Vedtak:

Det vert gjort følgjande endring i investeringsbudsjettet for 2015:

Det vert løyvd kr 4,8 millionar til prosjekt 1021 Kalkingsstasjon. Finansiering: Bunde fond

Det vert løyvd kr 0,35 millionar til prosjekt 3068 Service- og næringsbygg. Finansiering: Næringsfondet.

058/2015: Søknad om stønad til oppstart av innandørs skytebane

Behandling:

Ordførar orienterte om Vaksdal/Modalen Skyttarlag sine planar og bakgrunn for søknaden. Det vart orientert om at prosjektet også vart drøfta under formannskapet si handsaming av budsjettet.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune er positiv til at Vaksdal/Modalen Skyttarlag planlegg å byggje ei innandørs skytebane i Modalen. Modalen kommune vil derfor tilrå at det vert løyvt tippemidlar til prosjektet. Modalen kommune vil i 2016, ved revisjon av kommunal plan for kultur og idrett, gje dette tiltaket høgast prioritet.

Kommunal medfinansiering vert å ta nærmare stilling til når søknad om tippemidlar er avklara.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/42

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2016	Kommunestyret	PS	09.02.2016

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
003/2016.1	Protokoll Nordhordlandsting 1-2016, 28. januar.

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Vedlegg:

1-2016 Protokoll Nordhordlandsting, 28. januar

PROTOKOLL
MØTE I NORDHORDLANDSTINGET

Møte:	1-2016
Tid:	Torsdag 28. januar kl. 17:00 – 20:30 (middag frå 16:00)
Stad:	Strilatun – Seim
Møteleiar	Åsbjørn Vetti frå KS konsulent
Deltakarar	Formannskapa kommunane

Tema - kommunestruktur og samanslåing

1.	<p>Opning ved regionrådsleiar Karstein Totland Regionrådsleiar Karstein Totland ønskte velkomen og peika på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vi er på Seim, ein historisk plass som kongsgard – som gir ei god ramme for dette Nordhordlandstinget. Nokre av dei same utfordringane som var på den tida kan vi også sjå i dag. ▪ Vi har i dag ein genuin mogelegheit til å få testa ut om ein stor kommune i Nordhordland vil vere liv laga ▪ I kommunereforma vil det både vere litt pisk og litt gulrot ▪ Det vil vere ei stor og viktig oppgåve å gje innbyggerane tillit til at ein eventuell storkommune er til for innbyggerane
2.	<p>Forslag til nytt inntektssystem for kommunane og konsekvensane for Nordhordland Kommunal og moderniseringsdepartementet har sendt ut på høyring eit forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Nordhordland Utviklingsselskap (NUI) har laga eit notat som ser på konsekvensane for kommunane i Nordhordland og for dei ulike samanslåingsalternativa. Bent Gunnar Næss presenterte notatet. Dei viktigaste konklusjonane er:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunane i sør får redusert basistilskott ▪ Kommunane i nord opprettheld basistilskottet ▪ Småkommunetilskottet kan bli endra til å legge meir vekt på folketal og distriktsindeks ▪ Inndelingstilskottet gjer det mogeleg å sikre seg vidareføring av dagens basistilskott pluss småkommunetilskott og også eventuelt veksttilskott. ▪ Det vil vere økonomisk fordelaktig å få til kommunesamanslåing – høgast gevinst med det største alternativet ▪ Totalt sett så er det meir forutsigbart kva ein samanslått kommune får i tilskott enn kva ein einskild kommunane vil få i framtida. <p>Det var nokre spørsmål frå salen som vart svara på.</p>
3.	<p>Presentasjon av intensjonsavtalen om samanslåing – Meland, Lindås og Radøy og deira invitasjon til dei andre kommunane om å verta med i ein stor kommune i Nordhordland Dei tre ordførarane hadde ein felles presentasjon av den avtalen som kommunane har forhandla seg fram til. I presentasjonen og invitasjonen til dei andre kommunane vart det fokusert på følgjande:</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Avtalen dei har kome fram til, har mykje av den same oppbygginga som innhaldet i avtalen det det store alternativet i regionen har jobba med. ▪ Dei tre kommunane har eit sterkt ønskje om at dei andre kommunane i Nordhordland vil vere med i ein stor kommune. ▪ Avtalen kan vere eit godt utgangspunkt for vidare forhandlingar. Dei ynskjer å bruke den som mal, men er open for å gjere endringar der det er naturleg. Er framleis inne i ein prosess der ingenting er heilt avgjort. ▪ Dei hadde ein gjennomgang av dei ulike punkta i avtalen. ▪ Det vart understreka at dette er ein open invitasjon, men at forhandlingane må kome raskt i gong og at ein må vere villig til å prioritere dette høgt slik at ein kan jobbe relativt raskt og effektivt. <p>Der var nokre spørsmål som vart besvart av dei tre ordførarane.</p>
<p>4.</p>	<p>Gruppearbeid</p> <p>Kommunane sat gruppevis og dei fekk følgjande oppgåver:</p> <p>Austrheim, Fedje, Gulen, Modalen, Masfjorden, (Osterøy) fekk tre oppgåver:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vil vi kople oss på eit forhandlingsløp om ein storkommune ut i frå invitasjonen frå sør – dvs. leggje fram sak for kommunestyret? 2. Kva krav har vi i så fall til prosessen? 3. Kva for råd vil vi gje til Regionrådet når det gjeld forslag til saksgrunnlag og vedtak for kommunestyra? <p>Lindås, Meland, Radøy fikk følgjande to oppgåver:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. I kva grad tenker vi at noverande forhandlingsdokument skal leggest til grunn for framtidige forhandlingar? 2. Kva trur vi må endrast dersom andre kommunar vil vere med i vidare forhandlingar? <p>Spørsmål 1 - vil vi kople oss på?</p> <p>Med unntak av Osterøy så ville alle kommunane takke ja til invitasjonen om å kople seg på eit forhandlingsløp om ein stor kommune med bakgrunnen i den invitasjonen som er kome frå kommunane Meland, Radøy og Lindås.</p> <p>Spørsmål 2 - kva krav har vi til prosessen?</p> <p>Til dette spørsmålet kom det mellom anna fram følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ønskjer lokale nærseiter etter same prisnipp som det er lagt opp til i den avtalen som ligg føre og at desse vert sett på som viktige knutepunkt ▪ Ein vidaregåande skule i nord er viktig for den delen av den nye kommunen ▪ Det må takast omsyn til at nokon tilsette kan få lang veg sjølv om dei får behalde jobben ▪ Det er frykt for at kompetansearbeidsplassar kan forsvinne frå distriktet <p>Det vart også konkludert med at representantar til forhandlingsutvalet vil vere som tidlegare med tre politikarar (ordførarar, varaordførar, politikarar frå største opposisjonsparti) og rådmann frå kvar kommune.</p> <p>Spørsmål 3 - felles sak til kommunestyret?</p> <p>Det vart diskutert om forhandlingsutvala hadde mandat frå kommunestyret til å gå inn i slike forhandlingar. Konklusjonen hos dei fleste var at det mandatet hadde dei. Dei ville orientere kommunestyrt så raskt som mogeleg om at forhandlingane hadde starta opp. Ut i frå dette såg ein ikkje nokon grunn til å lage ein felles sak til kommunestyra. Modalen var den einaste kommunen som var usikker på om ein hadde mandat til å gå inn i slike forhandlingar.</p> <p>Gruppearbeidet til Lindås, Meland og Radøy – her vart det understreka følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er eit stort ønskje om å få fleire med

	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ein overordna avtale med ein struktur som kan tilpassast dersom fleire vil slutte seg til • Vidaregåande skule i nord vil vere viktig • Det vil vere viktig for nordre del i regionen at Austrheim vert med i stor kommune • Dei som vert med må ha ein reell vilje til å få til noko • Forhandlingsutvala må vere forberedt på å jobbe ganske intenst i den perioden som kjem for å få til dette • Dette kan bli fylket sin største energikommune. Dette er noko som bør nyttast til å utvikle kommunen. Vi bør kunne sette av midlar til utviklingstiltak og infrastruktur. <p>Konklusjonen av dette var følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Stor vilje og ønskje frå dei tre kommunane i sør til å invitere dei andre med • Stort ønskje frå dei andre kommunane om å takke ja til denne invitasjonen • Forhandlingane kjem i gong så raskt som mogeleg og dei må prioriterast • Regionrådet vil i sitt møte 5. februar sjå på framdrift og organisering
5.	<p>Avslutning</p> <p>Regionrådsleiar Karstein Totland oppsummerte kort med at det er reell vilje blant kommunane til å vurdera det store alternativet - og at forhandlingane i dette hastar med tanke på prosessen som må vera fram mot sommaren. Han takka for eit godt og konstruktivt Nordhordlandsting.</p>

Knarvik, 1. februar 2016



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

1. Deltakarliste Nordhordlandsting 28. januar 2016
2. Presentasjonane og programmet på Nordhordlandstinget